

**simas**

For eit reint og miljøvenleg Sogn

Møtereftrat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	1-2022
Dato:	16.02.22
Tidspunkt:	09.30-13.00
Stad:	Festingsdalen, Sogndal kommune
Type handsaming:	Styremøte

Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)
Petter Sortland
Ståle Øvstetun
Geir Ove Bøthun
Marianne Ovrid
Åge Skrede

Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik,

Forfall

Birgit Lervik
Arnstein Menes

Godkjenningssaker:

- G 01/22** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Innkalling og sakliste vart godkjent
- G 02/22** **Godkjenning av referat frå styremøtet 30.11.21**
Referat frå styremøtet 30.11.21 vart godkjent og signert.
- G 03/22** **Godkjenning av referat frå styremøtet 21.12.21**
Referat frå styremøtet 21.12.21 vart godkjent og signert.

Orienteringssaker

- O 01/22** **Driftsorientering**
Administrasjon orientert om drift og pågåande saker.

Samrøystes vedtak:
Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker
- O 02/22** **Førebels rekneskap 2021**
Rekneskapsrapport pr. 31.12.2021 viser eit driftsresultat vesentleg over budsjett.



Samrøystes vedtak:

Styret tek rekneskapsrapporten pr oktober til vitande

O 03/22 Orientering om SIRKLA Ressurs AS

SIRKLA Ressurs AS er påverka av sterk konkurranse frå lokale aktørar innan containermarknaden og nasjonale kjeder på renovasjon. Omsetnad og resultat på nivå med budsjett.

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjon om SIRKLA Ressurs AS til vitande

Drøftingssaker

D 01/22 Ny drifts- og organisasjonsmodell

Administrasjon fekk i sak V11/21 Ny direktør i SIMAS IKS den 21.12.21 i oppgåve hjå styret å legge fram forslag til ny drifts- og organisasjonsmodell for vidare drøfting neste styremøte. Dette med bakgrunn i at ved intern rekruttering av direktør og bortfall av anna kompetanse og kapasitet i leiargruppa, er det naudsynt å vurdere om organisasjonen har kompetanse/kapasitet og er rett organisert til å drift og utvikle SIMAS i tråd med strategiplan for selskapet. Selskapet har hatt som praksis å gje permisjon til tilsette som har meir enn 5års ansiennitet i verksemda for å prøve ut anna arbeid.

Konklusjon/vidare arbeid

Styret gir administrasjon i oppgåve;

1. *Drøfte eventuelle samarbeidsområde med dei andre avfallselskap i Sogn og Fjordane*
2. *Vurder tilsetting eller innleige av tenester på dei ulike områda som drøfta i styremøtet*
3. *Som hovudregel bør ein ikkje gje nøkkelpersonar og leiinga permisjon for å prøve ut anna arbeid der det fører til ulempe for drifta av SIMAS*
4. *Utarbeide endeleg utkast til nytt organisasjonskart til neste møte*
5. *Legge fram korrigert driftsbudsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025*

D 02/22 Styret sin årsmelding – utkast/innspeil

Styret årsmelding følger av krava til forsvarleg rapportering til eigarane.

Konklusjon/vidare arbeid

1. *Administrasjon utarbeider forslag til endeleg årsmelding basert på drøftingane i styret til neste styremøte*

D 03/22 Rapport internkontroll/HMS

Internkontrollforskrifta §5 ledd 8 krev at ein skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen minst ein gong i året for å sikre at den fungerer som tenkt. Dette skal også opp i styret. Det er gjort ein internrevisjon av HMS-systemet av HMS-leiar i forkant som er gjennomgått i AMU. Mål og årshjul for HMS-arbeidet er sett opp.

JH

Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret tek rapporten til vitande og ber administrasjon følgje opp arbeidet med internkontrollen i samsvar med dei konkrete måla som er sett

D 04/22 Styret vurderer direktør og seg sjølv

I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei vurdering av direktør og styrets arbeid. Dette som del av eigenoppgåva til styret. Rapport frå evalueringa vart lagt fram.

Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret tek evalueringsrapporten til vitande
2. Før nest års evaluering bør styret drøfte opplegg og gjennomføring av eigenvurderinga
3. Administrasjon sender evalueringa vidare til valkomiteen

D 05/22 Gjennomgang og evaluering av etiske retningslinjer

I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei evaluering av dei etiske retningslinjene i SIMAS. Dette som del av kontrolloppgåva til styret. I tillegg vert det etiske retningslinjene drøfta i AMU

Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret gir administrasjon i oppgåve å arbeide vidare med å iverksette etiske retningslinjer i «Trygt heim»-kampanjen

D 06/22 Framtidig organisering av utviklingsarbeid

I strategiplan «Avfall 2025» som vart vedteken av representantskapet den 22.10.21 er det som strategisk tiltak i samband med utviklingsaktivitetane sett opp;

- Etablere eige utviklingsselskap, eventuelt i lag med andre aktørar, for slutthandsaming av aktuelle avfallsfraksjonar i eigen region

Utviklingsarbeid innan slutthandsaming av avfallsressursane er langsiktig og tidkrevjande arbeid. Det er ikkje ønskeleg at dette arbeidet, som også har betydeleg risiko, vert belaste framtidige renovasjonsgebyr. For å unngå dette er det ønskeleg ha tydeleg skilje på ressursbruk mellom den lovpålagde aktiviteten og på utviklingsarbeidet.

Konklusjon/vidare arbeid

Styret ber administrasjon arbeide vidare med saka og at dette arbeidet vert sett i samanheng med sak D01 Ny drifts- og organisasjonsmodell

Vedtaksaker**V 01/22 Korrigert investeringsplan 2022-2025**

Saka vart utsett til neste styremøte

V 02/22 Prinsipp for fastsetting av arealleige for miljøstasjonane i kommunane



Tidelegare var det same arealleige (i kroner) i alle kommunane. Ved å bruke prinsippet for verdi/marknadsverdi multiplisert med sjølvkostrenta får ein eit etablert eit prinsipp som er i tråd med sjølvkostreglane, men i kroner vil det då verta ulike arealleigeprisar i dei ulike kommunane. Ein må innhenta verdivurdering av dei areala ein nyttar i dag for å få fram ny leigeprisar.

Vedtak (samrøystes)

1. Administrasjon får i oppgåve å etablere ny arealleigeavtalar med kommunane basert på prinsippet verdi-/marknadsvurdering multiplisert med sjølvkostrenta
2. Om eigarkommunar ikkje ønskjer denne løysinga skal det framforhandlast ny avtalar som vert lagt fram for styret

V 03/22**Deltaking i Vest Resirkulering AS**

SIMAS er invitert til å gå inn i eigarsida i Vest Resirkulering AS med ein mindre aksjepost. Dette for at selskapet då vil få tilgang til SIMAS sin kompetanse om avfallsmarknaden, som vert vurdert nyttig for Vest Resirkulering AS. SIMAS får tilført kompetanse om både teknologien og industrielle prosessar som ein i dag ikkje har. Ved å nytte anlegget i Høyanger kan ein teste pryolyse-teknologien, samt at ein via selskapet har avsetning av dei andre sluttprodukta, olje og gass, som ligg i konseptet. SIMAS pliktar seg i etableringa av pilotanlegget til å teste ut pyrolysteknologen tilsvarande ein kostnad på kr 200.000.

Risiko for SIMAS er knytt til aksjekapitalen på kr 9.510.

Vedtak (samrøystes)

1. *Administrasjon får fullmakt til å teikna SIMAS for 24 % av aksjane i Vest Resirkulering AS, samla kr 9.510.*

Oppfølgingssaker

Oppfølgingsplan Handlingsplan 2022: Status for handlingsplan er ikkje utarbeid

Eventuelt


Ingen saker

Sogndal 16.02.2022





simas

Før eit reint og miljøvenleg Sogn



Jøril Hovland
styreleiar



Petter Sortland
nestleiar


Ståle Øvstetun
styremedlem


Marianne Ovrid
styremedlem


Geir Ove Bøthun
styremedlem


Åge Skrede
styremedlem


Birgit Lervik
styremedlem